

## **Retningslinjer for tildeling av midlar frå kommunalt næringsfond i Bokn kommune**

Vedtatt i kommunestyret 17.02.26

### **Innleiing**

Bokn kommune ønskjer å medverke til å løyse ut verdiskapingspotensialet i kommunen, med utgangspunkt i lokale føresetnader og moglegheiter.

### **Målsetting**

Hovudformålet med næringsfondet er å leggje til rette for bedriftsutvikling, fremje etablering av ny næringsverksemd og vidareutvikle eksisterande verksemder, slik at ein kan skape og halde ved lag arbeidsplassar.

### **Aktuelle formål**

Midlane kan nyttast til mellom anna:

- kommunalt tiltaksarbeid (t.d. næringsplanlegging, tilrettelegging av næringsareal, etablerarhjelp, samarbeid skule/næringsliv m.m.)
- bedriftsutvikling (t.d. etablerarstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar, planlegging m.m.)
- investeringsstøtte til nyetableringar
- investeringsstøtte til eksisterande bedrifter (t.d. støtte til fornying eller utviding av utstyr, maskinar, lokale m.m.)

Dei opplista døma er ikkje uttømmmande.

### **Det kan ikkje givast tilskot til:**

- ordinære kommunale oppgåver
- driftsutgifter i verksemder
- gjeldssanering

### **Former for støtte**

Det blir berre gitt reine tilskot.

Bokn kommune formidlar i tillegg etablerarkurs og andre relevante kurs, og legg til rette for møteplassar mellom gründerar, særleg ved etablering av nye verksemder.

Kommunen kan òg formidle kontakt til relevante avdelingar i fylkeskommunen og andre institusjonar.

## **Vilkår for støtte**

- Tilskot frå næringsfondet kan normalt utgjere inntil 50 prosent av dei totale prosjektkostnadene. Søkjar skal bidra med eigenfinansiering og/eller annan finansiering som dekkjer minst 50 prosent av kapitalbehovet.
- Ordinær støtte frå næringsfondet er avgrensa oppover til kr 100 000.
- Ved utmåling av støtte vil følgjande vurderingar vege tungt:
  - etablering av nye og trygging av eksisterande arbeidsplassar
  - grad av innovasjon
- Ein og same eigar eller rettshavar kan maksimalt få 2 tildelingar frå næringsfondet innanfor ein periode på 4 år.

Ved ekstraordinære etableringar med særleg høg innovasjonsgrad og stort potensial kan det fremjast sak om tildeling av ekstraordinære midlar. Saka blir då lagd fram for kommunestyret.

## **Generelle krav til søknaden/søkjar**

- Verksemda det blir søkt tilskot til, skal vere registrert i Brønnøysundregistra og/eller ha si framtidige hovudverksemd i Bokn kommune.
- Det skal leggjast fram informasjon om søkjar, verksemd, forretningsidé og kompetanse.
- Søknaden må komme til kommunen til behandling før oppstart av prosjektet.
- Prosjektet skal skildrast med søknadsformål, søknadssum og tidspunkt for oppstart/gjennomføring.
- Kostnadsoverslag/kapitalbehov og finansieringsplan skal leggjast ved.
- Revidert rekneskap siste år skal leggjast fram dersom det ikkje gjeld ei nyetablering.

Det er eit ufråvikeleg krav at søkjar leverer skriftleg dokumentasjon på punkta ovanfor. Kommunen skal haldast orientert om eventuelle endringar i prosjektet.

## **Sakshandsaming**

Søknadene blir behandla av administrasjonen i Bokn kommune. Formannskapet får søknadene lagde fram til politisk behandling og gjer endeleg vedtak.

### **Unntak:**

For søknader på inntil kr 20 000 har kommunedirektøren fullmakt til å fatte vedtak direkte.

Søknader blir behandla fortløpande.

Tilskot blir utbetalt når prosjektet er fullført i samsvar med godkjende planar.  
Tilsagn skal normalt trekkjast tilbake etter 12 månader dersom midlane ikkje er utbetalte.

Dersom prosjektet blir avvikla innan eitt år etter oppstart, kan søker bli pålagd å betale tilbake 50 % av tilskotsbeløpet.

### **Klage**

Vedtak blir rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Klage på vedtak gjort av kommunedirektøren skal sendast til formannskapet som kommunen si klagenemnd.

Klage på vedtak fatta av formannskapet skal sendast til særskilt klagenemnd oppnemnd av kommunestyret.